

Optima kurerte der legen gav opp

– Eg sat inni heia ein dag og grein. Foten verka så følt, og eg tenkte det var på tide å gje seg som bonde, seier Terje Kleveland.

OLAV BJØRNUM

Han driv eit småbruk med mjølkeproduksjon og skogsdrift nokre mil nord for Mandal. Med eit stort og ope sår på leggen, og stadig bruk av slagstøvlar, var det ei pine å vera bonde.

Optima frå Norheimsund vart berginga. Det er eit hudpleieprodukt utvikla av veterinær Magne Skjervheim og produsert like utanfor Norheimsund sentrum.

Nytt liv

Skjervheim spurde seg sjølv: Kva er best for huda? Loysinga vart eit enkelt produkt utan noko hokus pokus. For enkelte personar med hudplager kom Optima nesten som eit bonesvar. For Terje Kleveland vart det ein nytt liv.

For fire år sidan utvikla det seg eit sår på leggen, truleg arveleg, ettersom faren også er plagd av liknande sår.

Bortkasta medisinar

På sitt største var såret om lag ti gonger femten centimeter. Han gjekk til lege og vart sendt til hudspesialist. Ingen av deira råd eller medisinar hjelpte.

Det siste han prøvde var nokre sårputer som kosta



Produksjonsarbeidar Ingun Bjørke har mange kundar som kjøper fem liter såpe om gongen.

1.600 kroner for ein tipakning. Kleveland brukte fleire av desse – heilt bortkasta. Medisinar og «drit og lort» for tusenvis av kroner var bortkasta.

Så kom seljaren

Han misste gnisten og var nedde i ein bølgedal då ein seljar stakk innom med ein spenespray. Det var eit Optima-produkt frå Norheimsund. Sprayen skulle gje mjuke og fine spenar. Seljaren meinte han hadde ein hudspray som kunne lindra smertene i såret.

– Etter ein måned tok såret til å gro. Det danna seg skorpe. Det kom hud. Huda er rett

nok lilla frameis, men er i ferd med å normalisera seg. Det er ufatteleg at det var produktet til ein luring i Norheimsund som skulle til. Legen min er imponert, fortel Kleveland.

Far hans er òg vorten bette av hudsprayen, men grunna høg alder går lækjinga seinare. Ikkje rart ein misjonerer med glede når ein opplever slikt. Kleveland har fått andre med hudplager til å prova Optima, og fleire er blitt bra.

Kviga vart bra

Men Kleveland har ei lita historie til. Han hadde avtale om å kjøpa ei drektig kvige

hjá ein nabo. Kviga reiv opp ein spene, og gav Kleveland hove til å gå frå avtalen. Men oppmuntra av resultatet av Optima ville Kleveland prøva. Spenane vart handsama med hudspray, og når kalven og mjølka kom, var spenen fint grodd.

Historia til Kleveland er ikkje einestående i Optima-samanheng. I nordenden av Tinnso, nær Rjukan, var Tore Kiil i ferd med å gje opp mjølkeproduksjonen. Han hadde opne, blodande sår på hendene, og kunne nesten ikkje ta i noko.

Også han var til lege fleire gonger og fekk diagnosen ek-

sem. Fire-fem turar til spesialist på Kongsberg var bortkasta. Fastlegen rekna med at Kiil måtte slutta som bonde.

Kiil brukte grønsåpe til spenepleie. Så kom ein seljar innom og meinte Optima spenespray ville vera bra for både hender og jur. Kiil ville ikkje lata noko vera opprøvd. Han kuttta ut grønsåpe og gjekk over til Optima. Sakte, men sikkert vart sår på hendene borte, og dyra har ikkje hatt jurbrote sidan.

– Det var som ein mirakelkur, seier Kiil.

– Eg har oppdaga at det hjelper ikkje å gå mot naturen. Desinfiserande middel tek både gode og dårlege bakteriar, og då går det lett gale, seier han.

Må vera surt nok

– Resepten er enkel, seier Magne Skjervheim i Optima Produkter.

– Optima stottar dei naturlege prosessane på kroppen. Rett surleik er viktig, pluss nokre andre ingrediensar som er velgjerande for hud. Av dei er alginat det viktigaste. Skal eit hudpleieprodukt gjera nytte, må surleiken ned i pH 4. I rekklamen for hudpleieprodukt er det ulike syn på kva som er rett pH. Eit tal som går att, er 5,5, seier Skjervheim, som meiner også denne er for høg.